



process

“You are never given a wish without also being given the power to make it come true. You may have to work for it, however.”

- Richard David Bach

Diplomoppgåve vår 2012 - Inger Johanne Fagerli
Rådgjevarar Svein Skibnes og Eli støa



tagu
Den kunnigste

kont?
kardmunn

uti-plass



under

80cm

Mulig a gi' milt?
Sand 40



ingraal

ete ned?

uninga

Parking

FORORD


Jobben med oppgåva starta i haust med skriving av forarbeidet. Det dokumentet er ein svært viktig del av prosessen. Mange av dei tema eg skreiv om der hadde med den store samanhengen å gjera, byen og omegn. Dette var for at eg i januar skulle kunna gå rett på sak; og inn i materien Holmen. Det viste seg å vera ei lur investering å bruka så mykje tid på forarbeidet som så absolutt har vore ei viktig kjelde til informasjon, og har difor vore aktivt brukt gjennom heile prosessen.

Frå eg starta jobben med prosjektet i haust, har Risør kommune vore taus som østers. Med kommunen meiner eg alle eg har prøvd å få kontakt med utanom Jorunn Bøe, som er kultursjef. Ho har hjelpt til alt det ho kan, men sjølv ikkje ho sit med alle svara og må stundom sjølv spørje andre, men også når ho har spurd, er kommunen taus. Det verkar som dei tenkjer at om dei berre held seg roleg, så går det nok over. Det stemmer på ein måte, for det har i stor grad resultert i at eg utover i prosessen har fristilt meg frå deira ynskje og krav til kva Holmen skal vera. Den effekten har ført til at eg har kunna leika meg meir og følt meg friare, men til tider har denne mangelen på respons óg gjort prosessen vanskelegare ettersom eg sit i Trondheim og ikkje i Risør.

ARBEIDET MED OMRÅDET FØR STUDIETUR

JANUAR

ORDNANDE ELEMENT





Vandkunsten sitt prosjekt i bispevika

I starten tok eg utgangspunkt i å rive alle dei eksisterande bygningane utanom fiskemottaket og krana. Grunnlaget for å gjera dette, var at det var det einaste mulege for å få plass til prosjektet slik eg hadde tenkt det utan å bygge for mykje i høgda. Sjølve programmet var ennå i utvikling men utgangspunktet, som skildra på side 33 i forarbeidet, var det einaste eg hadde å halda meg til. Etter "rivinga" satt eg igjen med ein 17500 kvm stort sett asfaltert flate som skulle fyllast med noko.


Eg begynte å arbeida meg inn på området med å bruka storleikane frå det opphavlege programmet og setta dei inn på kartet. Eg hadde mange tankar kring korleis eg ville strukturere øya, men hadde ingen strukturere element. Så fekk eg eit tips om å sjå på eit prosjekt frå Bispevika (skrive om i referanseheftet). Dette prosjektet sette meg på ideen om å grava ut kanalen.

Å grava ut kanalen gav meg fleire positive bieffektar som eg hadde tenkt at eg ville oppnå. Eg fekk eit strukturere element. Han kunne forankrast historisk ved at det opphavleg var to øyer, og eg kunne bruka fyllmassen til å heva noko av landet på sørsida av øya, slik ho opphavleg var. Ved å bygga litt høgare ville ein dessutan få tilleggsgvinsten at ein var betre sikra mot flo og vêt.



FEBRUAR


UTNYTTINGSGRAD




Holmen modell 1:500




Kanalen



Sjettehuset



Byhuset




→ Terring
Otsiktshuset











Etter arbeidet med stoda prøvde eg å danne meg ei bilete av kva type hus dei ulike delande av programmet skulle ha.

Eit døme på kva som måtte tas stilling til, var kva slags næring det skulle vera rom for på Holmen, og kva utrykk slik verksemd burde ha. Korleis vil næringsverksemd og bustadområde fungera saman i framtida og på kva for vis kan eg bruka dette i oppgåva mi? Kor skal eit hotell plasserast, og kvifor skal det plasserast nettopp der?

Eg laga meg ein plastilinamodell i målestokk 1:500 for betre å kunne utforske situasjonen, og strukturen. Kanalen er det strukturende element, slik havet alltid har vore i Risør, og eg er fasinert av korleis bystrukturen er i byen med strame linjer langs vatnet medan byen "smuldrar" meir opp baketter åsane. Dette er "biletet" eg jobbar ut i frå.

Langs vegen og vatnet legg eg det med næringsverksemd i, medan dei "reine" bustadane ligg bakanfor. Hotellet legg eg heilt inne med land, for å unngå for mykje transportproblematikk inne på Holmen. Slik kan eg gjera vegane meir bustadvenlege utan tung trafikk slik eit hotell utan tvil vil få. Langs vatnet legg eg "bryggene", langs vegen ligg "bybustaden", midt på ligg "hagehuset" og på kanten ligg "utsiktshuset", alle med ulike kvalitetar og meiner er spanande.





Bustadeiningar
sett saman




Arbeidsfunksjonen

Døma 4 til 6 er eit muleg oppsett av byhusa medan dei andre døma er forskjellige organiseringar av einebustadhusa og bustadkomplekset.

Ei skjematisk framstilling av distribuering av dei forskjellige bustadane på Holmane:

Byhusa er lagt til dei offentlege plassane som krana, ved hotellet og langs vegen. Bustadkompleksa er i hovudsak lagt langs kanalen. Dei "reine" einebustadane og dei vertikaldelte husa ligg midt på Holmen og med hagen då dei ikkje har ein så "brukbar" sokkel. Dette er og dei tomtene med minst kontakt med sjøen og ein kan difor kompensera med større einingar på desse tomtene.

Dei horisontaldelte bustadane er lagt langs kanten; utsiktshusa. Desse kan få fine husvære med gode lystilhøve i alle etasjar, sjølv i sokkelen.



ARBEIDET MED OMRÅDET ETTER STUDIETUR
- Eit lite vendepunkt



20.02.2012

Eg var i Risør i to eksepsjonelt varme februar dagar 16-17.02.12. Det var påskestemning og sola skein. På ein heilt vanleg torsdag virka det som om det yra av liv. Skjønt yra var nok litt å overdriva, men eg vart overraska over alle som gjekk og traska i byen slik som meg i arbeidstida på ein torsdag. Ein dannar seg fort biletet av ein spøkelsesaktig sommarby om vinteren, men det var altså ikkje tilfelle. Denne helga var det verkeleg liv i Risør med konsertar, teater, utstillingar og liknande. På biblioteket fekk deg dei bileta og karta eg har vore på jakt etter så lenge. Eg fekk også slått av ein prat med ein av dei tilsette som har budd i byen lenge. Ho sa dei brukte å gå til Holmen for å bada, på sørsida slik eg hadde tenkt, før dei sprengte vekk halve øya. "Nå er det ikkje badetemperaturar så ofte, men det var trivelegare der før enn det er nå." Ute i gatene og på butikkane trefte eg fleire som hadde sitt å seia om Holmen. Dei fleste kommentarane gjekk på at det meste er betre enn slik det er i dag, men at dei er negative til flate tak og lange vindauge som går frå golv til tak. "Desse moderne vindauga er så upersonlege synest eg. Det verkar kaldt å bu i slike hus. Utsynet og innsynet er sjølvsagt også ei sak eg ikkje synest så mykje om!" var det ei som sa. "Så må du for all del ikkje riva det gule huset," sa ei anna dame i butikken. "Å, kvifor ikkje?" spurte eg. "Det høyrer til her", svarte ho første igjen.

På vandrainga langs vatnet gjorde eg fleire oppdagingar, bybussen mellom anna. Den går rett forbi Holmen. Det var ei gledeleg oppdaging! I tillegg fann eg at det berre tek 20 min å gå frå akvariet til tuppen av Holmen, sjølv når ein ruslar i roleg tempo og tek bilete undervegs. Frå Holmen til der det er tenkt parkering i Urheia tek det berre 5 minuttar å gå. Om ein berre utbetrar vegen på Solsiden og lagar det betre for dei gåande, er det slett ikkje langt å rusle til næraste matbutikk. Det er trass alt ikkje langt til noko i denne byen. Etter å ha spasert litt rundt på Holmen og tenkt over oppgåva mi var det andre tankar som sneik seg innpå. I starten tenkte eg at ein kanskje skulle lage ei heilt anna type bustadar her ute, kanskje noko heilt nytt som ikkje har vore laga før. Men ettersom vekene har gått og eg har fått jobba meg inn på Holmen, er det eit heilt anna bilete eg sit med, førebels i alle fall. I staden for å fokusera på ei brukargruppe, som i utgangspunktet var dei unge, små familiane, har eg tenkt på ein annan måte. For å appellera til fleire brukargrupper har eg nå forskjellige typar bustadar, for korleis veit eg kva brukargruppe som kjem til å kjøpa? Ein kan jo leggja til rette men det vert berre gjettingar...

Frå det som starta som eit ynskje om å laga noko heilt nytt, som eg ser at i seg sjølv er eit noko barnsleg ynskje, har eg gått tilbake til å sjå på noko kjent. Strategien har endra seg til korleis ein kan setta saman desse meir og mindre kjente konstallasjonane på ein slik måte at eg lagar gode stadar å bu for menneske i ulike livssituasjonar og forskjellig alder.

Dessutan har eg stadig meir begynt å tenkja på meg sjølv og kva eg ynskjer å få ut av denne oppgåva, sidan “oppdragsgjevaren” min ikkje er så utilgjengeleg. Dette ser eg nå som meir positivt enn trist. Utan oppdragsgjevar og med ei “fiktiv”, men verkeleg oppgåve står eg fri til å stola meir på mine egne instinkt. Prosjektet har altså endra seg ganske vesentleg frå utgangspunktet. At eg tek utgangspunkt i noko eg kjenner frå før, treng ikkje bety at det vert gamaldags og kjedeleg. Utfordringa vert tvert om å prøve å “eiga” typane og gjera dei til mine egne. Saltakshuset skal under lupa. Innanfor denne typen kan kanskje både byhus, utsiktishus, hagehus og sjøhus finne eit svar. Med å velja desee “typologiane”, om ein kan kalle dei det, har eg bestemt meg for spesielle slag innanfor bustadtemaet som eg finn interessante og som gjev meg rom for utforsking og debatt. Ved å ta det fiktive inn i røynda og framtida mi som arkitekt, ser eg at det er innanfor mange av dei “gamle” typologiane at eg også skal ha mitt virke, jobba i spenningsfeltet. Mellom det å skapa noko nytt og transformera noko gammalt. Å gjera seg kjent med formene, er finn eg både spanande og inspirerande, ja, det eg aller helst vil utforska.

Namnet eg gav oppgåva mi, BuStad skal peika på at det ikkje er berre det som er innanfor huset sine fire veggjar som er det å bu. Det er staden. Å laga forskjellige bustadoppsett vart difor meir opplagt for meg. Korleis kan eg lage gode bustadar med ulike utgangspunkt? Somme er små med lite privat uteplass. Kva har desse husværa som gjer at dei blir bra å bu i, og kven er dei for? Korleis løyser eg dette med lite areal som likevel er god og generell for brukaren? Andre bustadar har arbeidsplassen som arnested. Kva vil dette ha å seia for korleis ein bur? Treng ein meir eller mindre privat plass? Når er bustaden i bruk, og kven er denne bustaden for? Atter andre er meir av den tradisjonelle typen, inngang på bakkeplan, saltak kanskje, og hage. Kven er så denne bustaden for? Korleis kan ein forsvara å byggja slik i dag? Kva for kvalitetar har denne som dei andre ikkje har, og kva kan ein kutte ned på? Arealet er vel eit sjølv sagt svar, men kva meir? Så sist, men ikkje minst, eller kan hende er først eit meir passande omgrep; Heilskapen. Korleis passar desse typane saman på eit så lite område? Gjer det at Holmen blir ein bra plass å bu? Er dette noko for Risør? Vil det styrke utviklinga eller kunne ein like gjerne laga identiske volum og plassert dei ut på Holmen i eit høveleg mønster. Korleis passar Holmen inn i Risør?

Eg veit ikkje ennå, men kanskje snart.

Etter heimkomst frå tur fann eg at det var tid for å ta i bruk det digitale verktøyet. Situasjonen og kompleksiteten gjorde at fysisk modell og tracingpapir aleine vart tungvindt, for dimensjonane blei anten for store eller for små, men i kombinasjon med dataverktøyet fekk eg eit heilt anna biletet av situasjonen.


Dei forskjellige typane:

SJØHUSET - bustadkomplekset


I dag er det ofte stort press på å laga små bustadar, eller å klemma inn så mange bustadar som muleg på eit lite område. På Holmen vil også mengda bustadar vera ein viktig faktor for om det vert realiserbart eller ei. Bustadkompleksa i urbane eller tette situasjonar er ikkje nødvendigvis naudsynt slik eg ser det, men dei er nok komne for å bli. Dersom Risør ynskjer byvekst, vil ikkje ein bustaden vera tilstrekkeleg. Dei meir urbane buformane bør også få sin plass.

Samstundes er det å kunne teikna små bustadar som er praktiske, generelle og brukarvenlege ei utfordring og noko ein trengs trenna på. Å bu på mindre areal vil også frigjera meir av Holmen til fellesformål som parkar, badeplass og liknande. Å bu arealeffektivt er ein berekraftsstrategi dei fleste kan nytta seg av, om berre bustadane er gode og egna for “small living”.

Kontakten med sjøen er nesten sjølvsagt når ein bygger på ein holme, men i sjøhusa vil eg prøve å la vatnet vera ein del av bustaden. Dei skal strekka seg over kanalen og ta del i vassrommet. Det som er så spanande med dette er leiken med vatnet som eit element som kan bringa noko annleis til desse små bustadane. Sjøen endrar seg med vêret, årstidene og med lyset. Han kan vera kaotisk og mørk eller blikkstilte som ein spegel. Refleksjonar, skiftingar og kanskje til og med lukt er ein kvalitet desse bustadane kan få som er spesiell og særskild berre for dei.



UTSIKTSHUSET - einebustaden



Einebustaden er ikkje ute av dansen. Tvert om vil tanken om eige hus og hage, med rom for familie, vener, vekst og leik, vera eit mål mange ynskjer å nå ein dag når dei er vaksne, og slik vil det også vera i framtida trur eg. Etter mitt syn er neglisjering av denne typen like feil som det berre å bygga denne typen bustadar. Som på dei fleste andre av livets område gjeld altså alt med måte, og alt på sin stad! Det er og naudsynt med eigna familiebusadar ,for ein må også i framtida kunne finne hus som rommar store familiar. Med eldrebølga på frammarsj er nok definitivt generasjonsbustaden vel verd å ta ein kikk på. I Risør er det stor overvekt av einebusadar, og denne typen vert difor ein naturleg del av vidareutvikling av denne byen. Dei høyrer til her.

Utfordringa med å tilfredstille trongen om eige hus med hage handlar ikkje berre om korleis ein kan laga til gode husvære, men korleis ein kan løysa dette i eit miljøperspektiv. Korleis kan ein gje kjensla av mykje rom, men med klart færre kvadratmerter enn det folk ser føre seg når dei tenkjer einebusad. Eg har lyst til å undersøkje dette.

Når ein set saman fleire hus som ikkje er knytt fysisk saman, får ein mange spanande situasjonar med møte og gløttsituasjonar. Med andre ord er det ulike sonar der somme er private, andre halvprivate og atter andre offentlege. Utfordringa er då korleis ein kan legge til rette for ei fin gate med gode nabolihøve. Rett nok: naboen sjølv kan ein ikkje gjera noko med!


Fleksibilitet er eit stikkord eg vil undersøkje i einebusadsamanheng. Korleis kan bustaden veksa eller krympa? Skal ein eige heile huset, eller berre halve, leige ut eller ha to separate einingar? Korleis løyser ein dette på ein god måte?

BYHUSET - "blandingsbruk"

I mange byar er det eit ynskje om meir "blandingsbruk" i både bustadområde så vel som i reine "arbeidsbydelar" som vert tømte for menneske etter arbeidstid. Eit meir pulserande liv gjennom døgnet kan gjera at områda verkar tryggare både å ferdast og bu i. I tillegg er det fleire som jobbar heimanfrå, som driv andre typar verksemder åleine eller i små grupper eller som ikkje finn ein passende arbeidsplass i store kontorbygg. Slik har gjenbruka av gamle industrihallar og tomme spikerfabrikkar vorte vanlege tilalternative verksemder. I Risør er det ikkje så mykje av dette, men Risør kommune har i samband med byutviklingsplanen tenkt seg næringsverksemd på Holmen. Sidan dei har definert seg som kunst og kulturbyen, er det naturleg at dei framleis satsar på alternative aktivitetar og legg til rette for menneske som har andre krav til arbeidsplassen enn eit kontor i ei blokk.


I samband med dette vil eg gjennom byhuset undersøkje den meir urbane buforma. Kor går skiljet mellom arbeidsplass og bustad? Treng det i det heile vera eit skilje? Kan det variera etter kva eigaren ynskjer? Dersom arbeidet ditt er ein livsstil, korleis vil bustaden da sjå ut?

Utforminga av dei generelle romma og korleis desse kan bli spesifikke og overgangssoner til rom med andre funksjonar er interessant i denne samanhengen. Dette er tema som er svært utfordrande, men i bustaddiskusjonen meiner eg dei er høgst aktuelle og ikkje minst spanande for meg å utforska.




SOLSTUDIER


21.12 kl12.00






21.02 kl12.00




21.04 kl12.00






Etter å ha gjort studium av solsituasjonen på øya gjennom året fann eg at dei fleste av bustadane og ikkje minst uteromma får rikeleg med sol, men at det er somme av utsiktshusa som får i minste laget med sol i den mørkaste delen av året. Dette gav meg ideen om å jobbe med å ta ned sol gjennom taket og å bruke tanken på dette som ein designfaktor. Eg vil undersøkje den tradisjonelle saltaksforma med tanke på å ta ned dagslys og sol i bustaden


Dei forskjellige fokusområda:



Fokusområde 1



Fokusområde 2





Fokusområde 3

Eg vil stilla meg inn på eit område for å kunne gå meir i detalj på bustadane og bumiljø. Kva område dette skulle vera har variert gjennom heile prosessen fram til nå, men etter solstudiene fann eg at det var den “mørkaste” delen av øya som fasinerte meg mest. Det vart difor fokusområde 3 eg enda opp med til sist.


MARS

KONKRETISERING OG STRUKTURERING AV OMRÅDET







Dei to holmane heitte før Badskjær og Midtskjær. Desse namna gav har eg brukt vidare i prosjekteringa.



MIDTSEMESTER 08.03.2012

TID FOR Å SUMMERA OPP OG PRESENTERA...



Planar, snitt , fasade og modell frå alle husvære. 1:1000 modell av øya, 1:500 plan av staden og somme visuelle formidlingar.

ETTER MIDTSEMESTER

TIL FOR Å TENKJA SEG OM...

“Sensorar” på midtsemester; Sverre Flack, Eileen Johnsen og Gro Rødne.

Det vart ikkje så mykje snakk om dei konkrete planane inne i husa, men det hadde eg heller ikkje rekna med. Det vart mest snakk om situasjon og konsept, som eg har prøvd å summera opp i nokre punkt.

- Konseptet med kanalen og dei forskjellige hustypene er bra, dei treng meir utvikling, men det er truverdig.
- Gjera kanalen meir tydeleg, Sverre Flack: Kva er den ordnande ideen? Gjer han synleg så det ikkje er til å misforstå!
- Vera klar på parkering, kva er strategien?
- Det er SJØEN som er viktig, og båten er difor viktigare enn bilen i denne samanhengen. Ikkje berre for båt plass, men og som eit objekt som treng reparasjon, fiksing, pussing o.l. Ta difor ein revurdering på om det er rett å rive det gule huset, altså Risør Sjøesenter, og ta ein ny runde på program. Kvifor held eg meg til det “gamle” programmet? Meiner eg framleis at dette er rett?
- Dei offentlege plassane er særst viktige, og fokus på å gjera Holmen til ein attraktiv plass for heile Risør vart sett på som ein styrke i prosjektet! Likevel fekk eg spørsmål om eg i det hele hadde lagt til rette for dei offentlege plassane. Dette kom altså langt frå godt nok fram, og desse må difor få meir plass enn i dag. I samband med dette må eg ta tydelegare stilling til strandsona. Korleis er strandsona utforma og kva er programmet? Alle sonar mellom husa må ha eit fastlagt program!
- Det er dessutan ikkje tradisjon for hus med gavlveggen ut mot sjøen i sørlandsområdet. Eileen: “Det er en litt slitsom rorbukoselighet i denne formen for plassering og retning på gavlen”. Ta ei revurdering på kor einebustadane vender og typologien deira. Finn det som er det karakteristiske med dei smårutete vindauga og kvite husa, og tolk det inn til noko moderne. Slikt er lettare sagt enn gjort, men eg skal gjera eit forsøk.

SÅ, KVA SKAL EG GJERA?

Etter tilbakemeldingane har eg lagt ein strategi for arbeidet vidare.

Programmet først:

I det programmet eg har jobba etter er det mellom anna eit hotell og konferansesenter. Eg vil sjå på programmet på ny og sjå om det er andre ting som kan vera betre for Holmen og som kan bringa meir til byen enn slik eg til nå har planlagt det. Mellom anna vil eg sjå på kva som skjer om eg tek vare på sjøsenteret. Dette er jo trass alt godt forankra som verft og båtplass i Risør og ,ikkje minst, i Holmen si historie . For at eg skal ta denne historia og det karakteristiske for Risør på alvor, ser eg at det kanskje har vore ein feil å rive dette bygget, og at eg i iveren etter å prosjektera nytt har gløymt kva det er eg så gjerne vil ha fokus på: å forankre den “nye Holmen” i Risør. Ved å ta vare på sjøsenteret tek eg difor vekk hotell og konferanseposten på programmet og ser heller på dette bygget som ein ressurs for marinaen og for det livet som skal levast på Holmen og i Risør. I samband med dette bygget vil eg prøve å lage ein offentleg plass som kan vera samlande for båtfolket, og kanskje jobba dette saman med fiskemottaket som har eit utsalsstad for fisk. Kan hende vil det bli ein liten fiskerestaurant eller kafé eller noko anna liknande? Det er i tillegg fire bustadar i øvste etasje i sjøsenteret, og det meiner eg er positivt og gjev meg nok eit argument for å ta vare på det.

Sjølv om ein ikkje kan skryta av deilige badetemperaturar året igjennom er dette ein programpost eg vil legga til rette for. Dette programmet ser eg nå at har eit stort potensiale for formgjeving i tillegg til at det kan vera med på å programmere strandsona.

Eg vil framleis halda på dei tre typane hus som eg hadde tenkt. Bybustaden, einebustaden og bustadkomplekset. Dei plan og snittmessige konseptane skal framleis vera dei same, med unntak av einebustaden, utsikthuset, som eg skal jobbe meir med i forhold til retning.

Endringane i programmet vil føre til at det kanskje vert færre bustadar og at dette vil ha visse konsekvensar for utnyttinggraden. Eg kjem nok til å gå fleire rundar når det gjeld talet på bueningar. Om endringane gjer at det vert færre bustadar, men at eg på det viset kan få fram andre viktige kvaliteter, så får det bli slik.

Statistikken frå plana slik han såg ut ved midtsemesteret er slik:

Einebustadane: 18 stk

“Bybustadane”: 20 stk Tilsaman: ca 80 til 86 einingar

Bustadkomplekset: 38 stk

Attverande byggbart land utanom fiskemottaket sin eigedom: 12610 kvm =12,6 dekar

Dette gjev ca 6,5 bustadar per dekar.

Utgrave volum i kanalen ca 12 400 kubikkmeter

utfylling holmentoppen og fiskeklassen ca 14 400 kubikkmeter

MÅNDAG - ny veke nye planar

Etter tankar om endringar til programmet frå førre veke ser det nye programmet slik ut:

Bustad

- einebustaden/utsiktshuset ca 12 einingar
- bustadkomplekset/refleksjonshuset ca 18 einingar

Bustad og næring

- Bybustaden ca 20 einingar

Risør Sjøsender

- Butikk, verkstad og infosenter for marinaen
- I samband med Sjøsenderet er det lagt til rette for ein stor offentleg plass som kan brukast til bøting av garn, reparasjon av båtar, og muleg gjesteparkering.

Fiskemottaket

- Inneheld ein restaurant og utsal av fersk sjømat

Badeanlegg

- I samband med badeplassen og strandsona på sør -og austsida vil eg legge til rette for eit badeanlegg som kan brukast både vinter og sommar.

Krana

- Plassen under krana skal kunne brukast til offentlege arrangement om sommaren som scene til kammermusikkfestivalen, og amfi som tilhøyrande plass for tilhøyrarane.

Barnehage

- Barnehagen på Holmen vert kanskje Risør sin finaste barnehage i dei mest spanande omgjevnadane?
Ser me føre oss ein barnehage med fokus på båtliv, sjømat og sjøvett?

Slik det ser ut nå, er det endra frå 6,5 bustadar per dekar til 4,28 ~ 4,3 bustadar per dekar.


Risør sjøsenter slik dei presenterar seg sjølv på nettsidene sine (<http://www.sjosenteret-risor.no/default.asp?ild=JKKED>) 12.03.12

Velkommen til mulighetenes marina! Sjøsentret i Risør tar vare på båten din enten du har en 10 fots jolle eller en 70 fots havseiler. Vi utfører det meste innenfor reparasjoner, vedlikehold og oppgraderinger på båten din, og du kan stole på at vi gjør den jobben som trengs. Det er ikke uten grunn at vi er en av de mest benyttede marinaer langs sørlandskysten.

Uansett årsaken til at du besøker Sjøsentret Risør, skal du alltid finne bryggeplass. Det har med komplett båtservice å gjøre. Stor maritim butikk med et bredt utvalg av båter, motorer, båtutstyr og brygge med vann å strøm på brygga. Nyåpnet restaurant rett ved siden av senteret.

Vi holder til på Holmen sentralt ved indre havn i Risør. Vegg-i-vegg ligger også vår samarbeidspartner Elektro Skagerrak AS. Blir det litt venting foreslår vi at du stikker bortom Risør Fiskemottak og smaker på havets delikatesser og en sval sommerpils. Der får du også kjøpt diesel, bensin og gass. Inn til Risørs mangfoldige kunst-, kultur- og restauranttilbud er det en hyggelig 5-minutters strandpromenade. Her finner du også Vinmonopolet. Har du med ungene kan du jo ta en tur innom Risør Akvarium, det eneste saltvannsakvariet mellom Oslo og Stavanger. Dersom du kommer med bil, har vi gode parkeringsmuligheter.





Parkering på landsida, utfylling

Endra retning på einebustadane, jobba meir med denne strukturen!!

Barnehagen

Jobba meir med strandsona på denne sida. Jobba med badeanlegg her.

Risør sjøcenter og plassen som "hører til".

Muleg opptrekksplass for båtar

Krana

Marina

KILL YOUR DARLINGS!


I midten av Mars:

Det er ein slags sløyfe hos meg der eg jobbar med eit prosjektoppsett, for så å dykka med i interne planar og snitt i dei ulike husa. På grunnlag av dette djupdykket kjem det til overflata fleire problemstillingar, som gjer at eg tek ei ny heilskapsvurdering av prosjektet. Så er også tilfellet denne gongen. Eg har frigjort meg stadig meir frå det opphavlege programmet, og jobbar meir med idear som har komme opp undervegs i arbeidet.

Valet om å ta vare på Risør Sjøsentor er eg overtydd om at er rett. For å ta konsekvensen av denne nye forma på planen må eg rydda litt. Dei to øyene Badskjær og Midtskjær har nå fått svært forskjellig karakter og bruksområde. Denne skilnaden kan eg bruka til å forsterka konsept og strukturering. Forslaget til endring, som vist på modellfoto, er å rydda endå meir opp i strukturen, samle dei “store” strukturane på Midtskjær og jobbe meir med Badskjær som “småhuslandskapet”, slik ein til dømes ser det i byen. Det er kanskje også tid for å rista litt i den tydelege tredelte tanken kring bustadtypene. Nå er det lettare å tenkja at det både er bustad og arbeid i somme av einebustadtypene og.

Å fokusera på eit lite område har vore vanskelegare enn eg hadde trudd, eller håpa på. Vestsida er den sida eg vel å retta detaljblikket inn på.

Eg har og diskutert universell utforming, med tanke på at eg bygger opp ein “barriere” når eg skaper Holmentoppen. Denne skapte haugen har fleire motiv, slik som kanalen og eg meiner avgjort at denne er forankra i staden som nemnt tidlegare. Risørlandskapet er dessutan prega av haugar, knausar og svaberg. Ein slik liten høgde vil gjera situasjonen på Holmen meir spanande i tillegg til at landskap er ein fantastisk designfaktor. Eg har jobba i heimetenesta i tre somrar, og har hatt mykje å gjera med folk som er avhengig av rullestol for å koma seg rundt i det daglege. Dei aller fleste av desse har elektrisk stol til utebruk. Med denne kjem dei seg rundt på dei mest utrulege stadar, og eg er ganske viss på at den moderate bakken på Badskjærsholmen vil bli sett på som ein spanande kvalitet meir en eit hinder. Det viktige med tanke på denne brukargruppa er å tenkja på gode løysingar for parkering, at det ikkje er for mange trapper og trinn på dei offentlege plassane, at ein lett kan komma seg til bustaden og at dei interne tilhøva i bustaden er tilrettelagt. Det vil utan vanskalar vera muleg å “køyra” rundt nesten over alt på begge øyene.




APRIL

ZOOME UT


-


ZOOME INN





Bygningsstrukturen på Holmen i ein større samanheng






Strukturen sett frå byen





Strukturen sett frå aust




Sjøsenterplassen sett frå nord

Sjøhuset planar og snitt



Jobba meir med utforminga av terrassane/bryggene/
uteområda i 1. etasje




I planane for sjøhuset har eg jobba med ein meir tradisjonell trespenningarplan. Her vil eg legge til rette for mindre einingar som kan vera både eldrebustadar og bustadar for unge og nyetablerte. I dei største husværa er rullestolsirkelen difor med i planlegginga. Det er heis i alle etasjane. Utsnittet er berre halvparten av huset og eg ser for meg at resten av huset er ein spegelvendt versjon av denne, som er den vestre delen.


Snitta visar punkt og situasjonar eg synest er spanande å gå vidare med.



SNITT 1:100
C-C



SNITT 1:100
B-B




SNITT 1:100



Undersøking av fasade i modell.

Inspirasjonsprosjekt frå Amsterdam. Kunne eg fått til noko liknande, med mangfaldet i uttrykk og kontakten med vatnet?






Er avstanden til neste hus for liten?
Brann? Sprinkling? Innsyn?

Einebustad plan og snitt



Eg har teikna planar, snitt og fasadar for alle dei aktuelle husa innanfor fokusområdet for å sjå betre på samanhengen dei imellom, men tar berre fram ein av dei her for å visa prinsippet med forholdet mellom plan, fasade og snitt. Dei same prinsippa tenkjer eg å bruka på alle husa, men dei vil vera unike på den måten at dei har forskjellig plassering, og kan ha ulike fargar.


Dette huset har fasaden ut mot hagen og er den minste einebustaden. Han er på 3 plan, ein kjellar som vert i hovudsak mørk, og to etasjar å bu på. 1. og 2. etasje gjev omlag 100 kadratmeter.



Sjølv om kjellaren stort sett er utan vindauge vil han somme stadar vera "over bakken". På desse stadane tenkjer eg at det er muleg å gjera noko liknande som frå referansebiletet av kjellaren i einebustaden som er teikna av Knut Hjeltnes. Her er den tjukke muren nytta til å gje eit magisk lys sjølv i det elles potensielt mørke og kjedelege.

Korleis huset møtar bakken og vegen er viktig både for lyset i kjellaren og når det gjeld materialbruk. Kor går skiljet? Kva material bruker ein?

Kva gjeld taket tenkjer eg eit varmt, skrått tak slik at eg får den spisse, presise forma som eg ynskjer. Då må detaljeringa legge til rette for skjult takrenne og innvendig nedløp. I tillegg må eg ta stilling til kva materiale og farge taket skal ha.



Hjeltnes, Kleven/Styrmoe



I fasaden har eg tenkt på dei same prinsippa som for sjøhuset, altså ein miks mellom dei store opne felta og dei “tradisjonelle” opningane.

Dei største opningane er ut mot hagen og det “større” rommet der. Her vil det og koma mest sol inn gjennom året. Dei mindre opningane høyrer til dei meir private romma, som soverom o.l. Desse er også mot gata og omkringliggande hus slik at ein skal kunne skjerma seg mot innsyn i dei felta der ein har mykje glas. Så kan ein spørje seg om det er lurt å legge “Private” funksjonar mot det som er meir offentleg i situasjonen.

Skissemodellen visar døme på storleik, og relief i fasada.

Tankar om materialar

Aust Agder er det fylket med mest osp. Dette er eit nydeleg tre som har ein fin grøn farge på sommaren og ein nydeleg klar gul eller svakt oransje på hausten. I tillegg har treet ein karakteristisk lyd når det blåser. Osp er mykje brukt i kledning på hus då det tåler påkjønningar svært godt, dersom kledningen er godt lufta. Eg ser for meg utstrakt bruk av tre som byggemateriale. Å nytta osp er noko sentralt sidan eg vil ha fokus på det lokale med kortreiste materialar. Men med tanke på pris er eg ikkje sikker på om dette skal vera over alt, eller berre i utvalde detaljar. Elles er det mykje skogbruk både i kommunen og fylket slik at gran så vel som furu er alternative materialval. Kjerneved av furu saman med ei godt lufta ospkledning er det som er best egna til å klara seg over tid i det våte, milde klimaet ein har her. Så begge er gode alternativ. Som steinmateriale vil eg bruke granitt i vegkantane og til kantlegging av kanalen. Dette fører vidare materialbruken frå det offentlege rom i sentrum.


“Småhusa”

Kledningen skal altså vera av tre. “Sokkelen” eller kjellaretasjen er, som ein kan sjå av bileta, behandla på ulikt vis i Risør. Eg har bestemt meg for eit “strammare” uttrykk på bygga på Holmen. Eit alternativ er å bruke pussa mur i dei murane som har med husa å gjera, og granitt eller liknande i dei som vender mot dei offentlege plassane. Viss eg gjer dette, kan eg og bestemma fargen på sokkelen slik at denne kan gå inn i den overordna fargeplanlegginga av området dersom det er ynskjeleg.

“Sjøhuset”

I sjøhuset tenkjer eg hovudkonstruksjon i betong, kledning i tre og “sokkelen” i vassfast betong. Denne kan likna litt i uttrykk på pussa mur, men er likevel noko anna. Vassfast betong er mellom anna brukt på bryggene i Trondheim.





Hagen og uteområda.

I hagen mellom husa på Badskjær vil eg plana nokre tre. Osp skil seg ut som eit godt alternativ. Desse veks svært fort og høver bra til å settast ut i eit slikt område. Dei kan bli svært store og eg tenkjer difor å plante få osper, to til tre, og let bebuarane laga hagen etter sitt eige ynskje.

Stien i midten kan skilje mellom eigedomsgrensene, og "kantane" kan til dømes bukast som møblar i staden for benkar og skapa ein liten høgdeforskjell mellom det offentlege og private.




Osp i alle sine fargar.

14.04 *dagens spørsmål:*

WHAT IS THE SENSATION OF THIS PLACE?

MA1

INNLEVERINGSTID



ETTERORD

Arbeidet med situasjonsplanen tok lenger tid enn eg hadde sett for meg på førehand. Eg hadde lyst til å jobba i spennet mellom 1:5000 og 1:50. Det har eg også gjort, men på grunn av at situasjonsplansarbeidet tok så lang tid, har eg brukt mindre tid i feltet 1:200 - 1:50 enn eg skulle ynskja. Mange av dei tema som er på eit meir detaljert nivå har eg difor berre ein del tankar om, idear eg ikkje har fått testa ut i praksis.

I forarbeidet sette eg opp ein plan for korleis arbeidsprosessen skulle vera. Denne har vist seg å fungera ganske bra, både tidsmessig og mengdemessig, med somme unntak. Dette skuldast mellom anna at det har kome andre tema undervegs som eg ikkje hadde planlagt på førehand. Fargar i arkitekturen er eit slikt tema som eg gjerne skulle hatt meir tid til å få på plass.

Det er både godt og vondt at det heile snart er over, og at eg difor må sette strek for denne gong. Resultatet og visjonane kva resultatet skulle bli har endra seg gjennom heile prosessen. Utbygginga av Holmen viste seg å vera ei stor oppgåve som har bydd på mange spanande og uføresette problemstillingar. Alt dette er slik eg gjerne tek med meg vidare med det lønnele håp å få tid til å gå nærare inn på i framtida.